



DET NORSKE TEATRET



b15g 017403
Det Norske Teatret
i samarbeid med Riksteatret

VETTO!

VETTO!



Musical om ekteskapet i to akter

SOLVI WANG
LASSE KOLSTAD

regi: Rikki Septimus



RIKKI SEPTIMUS

kveldens instruktør

Rikki Septimus er fødd i Sør-Afrika, utdanna som dansar i London, bur i København og arbeider for tida i Oslo og Helsingfors. Han er skodespelar, instruktør, koreograf og — dansar, og spelar på nynorsk, dansk, svensk og — engelsk.

Han var ein viktig faktor i den musical-feberen som starta her i Noreg med Det Norske Teatrets oppsetjing av «West Side Story», der han spela rolla som Bernardo — på nynorsk, instruerte og koreograferte samstundes. Same bragd tok han opp igjen i «The King and I».

— «West Side Story» var den første moderne musical på norsk scene, og «Vi to! Vi to!» er den første musical som drar ut på turné. Du er banebrytar, Rikki Septimus?

— Den ros skal teatersjefen ha. Men musicals er ei fascinerande teaterform, og det er klart at publikum likar ho. Før rådde operettene grunnen, men musicalen svarar betre til vår tid, og gir større rom for realistisk menneskeskildring.

— Er musicals «berre underhaldning»?

— Nei. «West Side Story» viste puerto-ricanarane i New York, ei samfunnsguppe vi kjenner lite til. «Spelemann på taket» viser den jødiske minoriteten i ein russisk landsby. Musicalforma slepper verda innpå oss, gir rom for uttrykksmåten i dei einskilde gruppene.

— «Vi to! Vi to!»?

— Er eit døme på at musicalforma òg gir rom for ei enkel historie om to menneske som lever saman og blir gamle saman. Stykket handlar ikkje om dei store, avgjerande problema, men om det som hender med mest alle ektepar. Daglegdagse bagatellar, kanskje, men kan vi klare bagatellane, klarer vi alt anna òg.

— Er «Vi to! Vi to!» ei vanskeleg oppsetjing?

— På mange vis den vanskelegaste eg nokon gong har gjort, — fordi alt er så enkelt. To menneske på scenen, alt går føre seg i same rommet, rundt den same senga. Det stiller store krav til fantasi og evne til innleving, og til eit godt samarbeid mellom skodespelarar og instruktør.

— Kva er stikkordet for eit godt teaterarbeid?

— Tillit — til instruktøren og til skodespelen. Ei open innstilling. Og hardt arbeid. Det siste er grunn-

leggjande, i teatret som elles i samfunnet.

— Er du nøgd med «Vi to! Vi to!»

— Publikum skal vere nøgd. Men eg vonar dei vil kjenne att noko av sitt eige, — at dei vil synast dette er eit menneskeleg stykke.

«VI TO! VI TO!»

Det trengst to for å skrive ein musical, — ein tekstfattar og ein komponist. Kveldens stykke har òg to fedre — Tom Jones og Harvey Schmidt. Det skulle ikkje vere nødvendig å seie at dei er amerikanarar, — musical, eller musical comedy er ei amerikansk teaterform som har slått igjennom over heile verda.



Tekstforfattaren Tom Jones og komponisten Harvey Schmidt starta samarbeidet sitt på University of Texas i 1951. Den gongen dreiv dei smått og pent med å skrive revytekstar og -musikk. Ei grei form for studiefinansiering.


Men Broadway er staden for det store i amerikansk showbusiness, og alt i 1960 kunne Schmidt & Jones notere seg for ein suksess der: Musicalen «The Fantasticks», som har vore spela i 30 land, sjølv sagt her i Noreg òg.

«Vi to! Vi to!» hadde urpremière på 46th Street Theatre i New York hausten 1966, med Mary Martin og Robert Preston i rollene som Agnes og Michael. Musicalen er bygd over Jan de Hartogs «Himmelsenga».

Rex Harrison og Lilli Palmer spela i filmen laga over det same stykket. Denne filmen vart vist i norsk fjernsyn i haust.

SØLVI WANG

Sidan 1963 har Sølvi Wang hørt til på Det Norske Teatret, der ho gjorde si første rolle som Gunvor Smikkstugun i den norske musicalen «Trost i taklampa». Ho tok med seg heile sitt overskot, sin sjarm og glans frå revyteatret, og viste samtidig at ho var skodespelarinne og kunne byggje opp ei rolle. Dette har ho utretta vidare gjennom mange store oppgåver på teatret, oppgåver ho har løyst på ein lysande måte: som Annie i «Annie get your Gun», som Anita i «West Side Story», Anna Leonowens i «The King and I» og no Golde i «Spelemann på taket» og Agnes i «Vi to! Vi to!». Ved sida har ho hatt overskot til å gjera furore i europeisk og amerikansk TV.



WEDDING

musical om ekteskapet
av Tom Jones og Harvey Schmidt
omsett av Hartvig Kiran

Ekteparet:

AGNES
MICHAEL

SØLVI WANG
LASSE KOLSTAD



regi:
dekor:
kostyme:
musikalsk tilrettelegging,
dirigent:
musikalsk innstudering:
song- og talepedagog:
inspisient og turnéleder:
suffløse:
parykkmakar:
lys:
scenemeister:
rekvisitørar:


RIKKI SEPTIMUS
ARNE WALENTIN
PER LEKANG

EGIL MONN-IVERSEN
TOR HULTIN
VIRAN WALLSTRØM
TOR KALLEBERG
METTE SUNDLING
DORO WALSTAD
KARI BORG
ANKER WAHLSTRØM
EGIL AARUM,
KARSTEN KRISTIANSEN

ORKESTER:

dirigent:
trompet:
trompet:
basun:
klarinettfløyte og saxofon:
piano:
piano:
orgel:
trekkspill, slagverk:
bass:

EGIL MONN-IVERSEN
BERNT STEEN
ALF LØVSTAD
DAG AUKNER
HARALD BERGERSEN
TOR HULTIN
ROY HELLVIN
EGIL MONN-IVERSEN
JOHN SVENDSEN
TOR HAUGE



LASSE KOLSTAD

Lasse Kolstad gjorde sin entré på Det Norske Teatret for snart 20 år sidan, som negersongar i «Show Boat». No er han der påny som mannleg hovudperson i to store musicals: «Spelemann på taket» og «Vi to! Vi to!» Han var lenge fast knytt til ensemblet, og frå den tida minnest vi mange fine dramatiske rolleskapnader, i første rekke «Peer Gynt» som gav han og teatret lysande triumfar på gjestespel i Helsingfors, via Dramaten i Stockholm, Deutsche Schauspielhaus i Hamburg til Theatre des Nations i Paris. Han fekk overalt dei finaste lovord. For Tevye i «Spelemann på taket» fekk han Kritikarprisen for 1967/68, og elles vil han vera kjend landet rundt som skippar Worse i Fjernsynsteatret.




Til Det Norske Teatret og alle som medverkar i «Vi to! Vi to!»

Vi ser denne musicalen som innleiinga til noko nytt i Riksteatrets programopplegg. Etter kvart har vi fått mange gode og store scener utover landet. Og den interessa vi møtte i haust, da planane låg klare for utsendinga av «Vi to! Vi to!», ser vi som ei solid marknadsundersøking: publikum, avisene, arrangørane våre — kort sagt alle lokale teaterforkjemparar viste ein iver som var eineståande. Vi kunne ikkje ha ønskt oss ei meir tydeleg motivering for den teaterforma som blir kalla musical.

Heile apparatet er klart til å ta imot ei så stor oppsetjing som ein musical er, og apparatet skal nyttast. Det kostar meir enn dei vanlege teaterframstillingane våre, men la «Vi to! Vi to!» vere eit prov på at slike arrangement er moglege. Når vi sidan tenkjer på og forhandlar om liknande storopplegg, skal vi vise tilbake på «Vi to! Vi to!».

Det Norske Teatret har i alle år vore det teatret som flittigast har samarbeidd med Riksteatret. Der er derfor ikkje underleg at nettopp Det Norske Teatret sender ein musical ut på Riksteaterturné. Velkommen med den første musical på Riksteatret! Vi trur at publikum òg vil gi Dykk kjensla av å vere hjarteleg velkomne.



Eivind Hjeltnes

teatersjef

EGIL MONN IVERSEN

I «Vi to! Vi to!» står to på scenen, men det er mange i orkestret, og den som styrer der er Egil Monn-Iversen, slik han har gjort det i orkestergrava på Det Norske Teatret i mange år. Når han hever taktstokken til ouvertyren ved ein musicalpremière, kan teatersjefen kjenne seg trygg på at det musikalske er i gode hender, — for Monn-Iversen, som privat har blide fløyls-augo, blir på dirigentpodiet ei myndig kraft som strålar sin musikalitet og sitt kompromisslause krav til kunstnarleg kvalitet inn i orkestret og opp på scenen både til kor og solistar.

KJÆRLEIK ER IKKJE ALT

(Love isn't everything)

HO:

Kjærleik er ikkje alt!
Han gjev deg ikkje lin
og mat og medisin,
ber ikkje koks og ved
og lunkar inga mjølk når ungen skrik og beljar.
Kjærleig er ikkje alt.
Han skaffar ikkje stendig nye tørre bleiar.
Kjærleik gjev strid og mas.
Men trass i kav og kjas,
med kjærleik er det berre stas,
berre stas, berre stas, berre stas.

HAN:

Kjærleik er ikkje alt!
Han gjev, når alt er sagt,
oss inga barnevakt.
Gjev kjærleik mynt til mjølk
og blondestas og krus
på hennar selskapskjolar?
Kjærleik er ikkje alt.
Han skaffar ikkje pengar til pianotimar.
Kjærleik gjev lass å dra.
Men trass i alt eg sa,
med kjærleik går det tolleg bra,
tolleg bra, tolleg bra, tolleg bra.



BÅE:

Kjærleiken slit deg ut
med næringssorg og sut.
Det svid som sår med salt i.
Men hjarta nynnar alltid:
Med kjærleik er det berre stas,
berre stas, berre stas!
Med kjærleik er det stas!

MITT HJARTA ER BREIDDFULLT AV DEG

(My cup runneth over with love)

HO:


Så mang ein god morgen
før sol skin på eng,
eg ligg her og ser kor
dusov i vår seng.
Og kviskrar då stundom
når tanken finn veg:
Mitt hjarta er breiddfullt av deg!

HAN:

Så mang ei god kveldsstund
når timane flyr,
eg seg deg kor flittig
du saumar og syr.
Og sæle små stunder
til minnes eg dreg:
Mitt hjarta er breiddfullt av deg!

BÅE:

Og før vi det varest
er tida vår talde.
Men vi merkar ikkje
kor verda blir kald.
Og no, denne timen,
med sol på kvart steg:
Mitt hjarta er breiddfullt av deg!



VI TO VI TO



Ekteskapet, ja det er godt.
Om vi stundom klagar,
har det då med kjærleik
fylt vårt hus.



Bachten - 68'